

Årsmelding 2012

Planen om å opprette frivilligsentral går enno fleire år tilbake i tid, men i 2011 og 2012 vart vedtaka fatta og sett i verk.

Kort om prosessen i 2011

I juni 2011 vart ei arbeidsgruppe bestående av Kari Bø Wangensteen, Margrete Fagerheim, Signe Marit Haugen, Marit Gjærdingen og Ottar Haugen sett til å kartleggje mogelegheiten for å opprette frivilligsentral i Vang. Arbeidsgruppa hadde fleire møter hausten 2011 og gjennomførte mellom anna ei spørjeundersøking utsendt i menighetsbladet for å kartleggje behovet for og resursar til ein frivilligsentral. Nokre resultat derifrå:

- antal svar		45
- 'kan hjelpe'	JA:	26
	NEI:	18
	BLANKT:	1
- 'treng hjelp'	JA	13
	NEI:	29
	BLANKT:	3

29. september 2011 vedtok kommunestyret å opprette ei stilling som prosjektleiar for eit forprosjekt. Stillinga skulle vere eit halvt års engasjement i 100%. Arbeidsgruppa skulle halde fram som referansegruppe, i tillegg til to representantar frå frivillige lag..

2012

10 januar starta Ann Elin Bjerkestad som prosjektleiar. Oppgåvene hennar var å kartleggje behov, ønskjer og resursar, samt lage framdriftsplan, søke om statleg stønad, utvikle stillingsbeskriving for dagleg leiar, kartleggje alternativ for lokalisering o.l..

23. februar hadde ho eit ope møte med dei frivillige laga i Vang ang. opprettinga. Ho orienterte om kva ein frivilligsentral kan vere, Jens Rogne Renna frå Øystre Slidre frivilligsentral orienterte om sine erfaringar. Fleire av dei fram møtte hadde tankar om kor vidt ein sentral var ønskjeleg i Vang, og kva for oppgåver den kunne ta på seg. 17 lag teikna samarbeidsavtale med sentralen, både med fokus på å støtte søknaden om statlege midlar men også med ønskje om eit samarbeid om sentralen vart oppretta.

Det vart søkt om pengar frå Kulturdepartementet innan fristen 1. april, og vi vart tildelt 150.000,- i oppstartsmidlar for 2012.

Ann Elin avslutta i stillinga 30. april 2012



Årsmelding 2012

Tre alternativ til lokalisering vart vurdert: kjellaren i Vangstunet, samlokalisering med biblioteket og å starte i kjellaren med tanke på å samlokalisere med biblioteket etter nærare vurdering.

20. september vedtok eit einstemmig kommunestyret å opprette frivilligsentral med 100% stilling som dagleg leiar, lokalisert saman med biblioteket. Dei vedtok at kommunen løyvde inntil kr 250.000 i investeringsbudsjett for 2012 med dekning av næringsfondet. Løyvinga tok utgangspunkt i at samlokaliseringa med biblioteket mellom anna opna for automatisk utlån, med dei utgifter det innebar. Det vart søkt kulturdepartementet om maksimalt tilskot (300.000,-) til driftsmidlar for 2013.

Harald Bjerknes frå SGB byggprosjekt fikk ombyggingsprosjektet i biblioteket/frivilligsentralen. Planane og teikningane vart utforma i 2012, medan sjølve byggeprosessen tok til i 2013.

I oktober vart stillinga som dagleg leiar lyst ut. Det var åtte søkarar til stillinga + ein som vart levert for seint og ikkje vart vurdert. Fire vart kalla inn til intervju. I november vart Marte Tangen tilsett, med avtale om oppstart i januar 2013.